



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1599 - 16/13260

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.
no

24.06.2016

Høyringsbrev - GBNR 51/13 - Søknad om dispensasjon for arealoverføring - Landsvik

Saka gjeld:

Ved søknad journalført 8.6.2016 har Øyvind Landsvik søkt om arealoverføring frå gbnr. 51/13 til gbnr. 51/36. Det er i den samanheng søkt om dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen.

Tiltaket er skildra på situasjonskart.

Planstatus:

Meland kommunestyre vedtok 17.6.2015 ny kommuneplan (KPA) med rettsleg bindande arealplankart og føresegner.

Gbnr. 51/13 er i KPA satt av til landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område), medan gbnr. 51/36 er satt av til LNF-spreidd fritidsbustad. Arealoverføring er dermed ikkje i samsvar med arealformålet, og det må vurderast om det kan gis dispensasjon frå arealformål i kommuneplanen.

Vidare ligg arealet innanfor byggjegrænse mot sjø i KPA. Det må difor også vurderast om det kan gis dispensasjon frå byggjeforbodet mot sjø for arealoverføringa.

Det følgjer også av føresegn 1.6.14 til KPA at fritidsbustadar ikkje skal ha større tomteareal enn 1,5 dekar. Det må difor også vurderast om det kan gis dispensasjon frå denne grensa fastsatt i KPA.

Søknad om dispensasjon:

Det er i skriv frå tiltakshavar søkt om dispensasjon, sjå vedlegg. For grunngjeving av søknaden vert det vist til denne i sin heilheit.

Nabovarsling:

Naboane er varsla. Kommunen har ikkje motteke merknadar frå naboane.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Dispensasjon:

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak reglane det vert søkt dispensasjon frå og frå pbl § 1-1.

Dispensasjon kan ikkje gis dersom omsyna bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sine formål, vert vesentleg sett til side. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon skal det leggjast vekt på konsekvensane for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål.

Kommunen bør ikkje gi løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Førebels vurdering:

Tiltaket er tilstrekkeleg gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast.

Frist:

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl § 21-5 tredje ledd.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om arealoverføring
Erklæring om salg av parsell
Nabovarsel

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland Fylkeskommune

Regionalavdelinga 5020
5020

BERGEN
BERGEN